



KVINLOG BEDEHUS ÅRSMELDING 2013

Styret for 2013 har vore:

Leiar:	Terje Kvinlog
Nestleiar:	Per Sverre Kvinlaug
Medlem/sekretær:	Odd Terje Helle
Medlem/Kasserer:	Stian Engedal
Medlem:	Tom Gallatin
1. Varamann:	Tønnes T. Kvinlaug

Valgnemda har vore:

- Per Øistein Rogstad
- Mailis Gallatin
- Sissel Lindefjell

Forsamlingsrådet har vore:

- Terje Kvinlog
- Tom Gallatin
- Tønnes Kvinlaug
- Odd Terje Helle

Det har blitt vore 6 styremøter og til saman er det behandla 31 saker.



Den store saka har vore om- og utbyggjing av bedehuset. Styret hadde brukt hausten 2012 på å undersøkje løysingar og la fram sitt forslag på årsmøte 24. Januar 2013. Eit einstemmig årsmøte gjekk for det mest omfattande alternativet. Styret organiserte arbeidet med ein eigen byggekomité; Odd Terje Helle (leiar), Tønnes T. Kvinlaug, Siv Anita K. Narvestad og Tor Alsvik.



Ein dugnadsgjeng samla laurdag 14. September.

Bedehusstyret for øvrig tok hand om økonomien i prosjektet. Det blei gått nokre rundar med ulike bankar og styret hadde fullmakt frå årsmøte til å oppta eit lån, opptil 1,5 millionar kroner. Det blei inngått avtale med Sparebanken Pluss. Herfrå fekk bedehuset også eit bidrag på 50.000 kroner. I tillegg har kommunen etter søknad bevilga kr. 150.000,- i støtte. Vi

gjennomførte ein suksessfull basar som gav ei inntekt på nærare 70.000 kroner. Det blei delt ut eit info-skriv til alle husstandar i Fjotland. Mange har teikna seg som faste gjevarar og/eller gjeve bedehuset ei gåve. Tusen hjarteleg takk til alle! Sjølv om utbyggingsarbeidet også pågår inn i 2014, vil styret takk alle som har delteke på dugnad. Det nærmar seg 400 dugnadstimar. Også Svein Kåre Stakkeland og hans folk fortener skryt for eit flott arbeid, samt for deira vilje til å leggje til rette for dugnadsarbeid.

Styret hadde info-møte for leiarar i dei ulike laga som har sitt arbeid på bedehuset. Det var søndag 10. November. Frametter vil det vere viktig å ha fokus på kva denne utbyggjinga kan bety for vidare arbeid.

Møteaktiviteten

Det har vore stor aktivitet på bedehuset også i 2013, sjølv om det på hausten var nokre ekstra utfordringar grunna arbeidet på huset. Styret valde å avlysa joletreffesten. Gjennom året har det vore møteveker og enkeltmøter med besøk av fleire tale- og songkreftrar. Organisasjonane har hatt ansvar for fleire av desse, og møta har vore innhaldsrike, med god forkynning og flott song.



Jan Kristian Kvinlaug er ein av leiarane for Søndagskulen



Tove L. Helle er leiar og dirigent for barnekoret



Gunhild Trodahl er leiar for MAKS
Judith K .Rogstad er leiar for Between



Siv Anita K. Narvestad er leiar for
Laurdagscafeén

Odd Terje Helle er leiar for KRIK



Stian Engedal er leiar for ungdomstilbodet 8
UP, bibelgruppe for ungdommar. Samlinga
er heime hos tre ektepar

Bedehusbasar

I samband med om- og utbygging av bedehuset var det basar , fredag 30. August. Det gav som nemd eit flott resultat på meir enn 68.000 kroner. Takk til alle som hjalp til og til dei som tok lodd!



Og takk til barnekoret som song og til Raymond Olsen som held andakt.



Det har ikkje vore så mange "vanlege" storsamlingar i 2013. Men storsamlingane vil styret fylgje opp i 2014.

Tom Gallatin har hatt bibeltimar og det har vore nattverdmøter og bønemøter.

Sundagsskulen har hatt samlingar dei sundagane det ikkje har vore familiegudstenestar.

Bedehusstyret ønskjer å takka organisasjonane som bidreg med tale/-songkrefter til bedehuset. Dei ulike gruppene av trufaste frivillige som år etter år brukar tida som Guds medarbeidarar, desse vil vi særskild takka. Det er høgt aktivitetstilbud for både barn og ungdom. Tusen takk til alle medarbeidarar!

Vi ønskjer også å rette ein særskild takk til alle som hjelp til med vasking av bedehuset.

På websida vår kan forsamlinga og andre lese nyheiter og laste ned aktivitetsplanar gjennom heile året. <http://kvinlogbedehus.no/>

For styret i Kvinlog bedehus

Per Sverre Kvinlaug

-Nestleiar-